

# Kunstutstilling utan måleri



**Les plakaten:** Martina Böhmer bestemmer seg for å ta turen til Fykse, der kunstnar Sille Storihle har eit prosjekt.

**Kunstnarar elskar publikum, forsikra kunstnar Anne Marthe Dyvi då den 89. vestlandsutstillinga vart opna i Kabuso laurdag.**

ÅSMUND SOLDAL

Kjærleikserklæringa vart synt i praksis av kuratorane som tolsamt rydda då ulukka var ute. Det første publikum gjorde då dei inntok utstillingssalen under vernissasjen, var å øydeleggja verket *Inter-related components (black piece)*. Det skjedde ikkje berre ein, men fleire gonger. Både vaksne og born i solide vintersko labba over kunstverket til Ane Graff, som er eit

rekktangel av knust kol på golvet.

Eitt kunstverk starta i Øystese og vert ikkje ferdig før utstillingsturneen sluttar i Stavanger. Då reknar Tanya Busse og Joar Nango med at vinen er ferdig. For tida samlar dei frosne bær og frukter som med tida skal verta til vin. Nango lovar at dei som kjem med vinråstoff til fryseboksen i utstillingssalen, vil få ei flaske *Vestavin* når gjæringa er over.

#### - Noregs ryggrad

Anne Marthe Dyvi karakteriserer kunsten som ein kikkert mot framtida.

– Me prøver å gje publikum erkenning, innsikt, utfordringar og glede med kunsten vår, sa ho på vegner av kunstnarane før publikum vart sleppt inn i utstillingssalen.

salen.

Dyvik trur nordmenn er interesserte i meir enn materielle verdiar. Etter hennar syn er offentleg stønad til kunstnarar ein garanti mot at eit kunstnarleg hegemoni får makt til å ”herja i kulturen”. Det vil i så fall skapa større kulturelle skilje mellom folk, sa ho, og hevda at kulturinstitusjonane er Noregs ryggrad.

#### Basert på ei historie

23 kunstnarar, to designarar og ein tekstforfattar står bak *Rom for Stein og hjort*. Ifølgje fagleg leiar Heidi Ann Jaeger i Kabuso skil utstillinga seg frå alle dei føregåande ved at det ikkje vert stilt ut eitt einaste målarstykke. Storparten av dei utstilte verka er tredimensionale. Nokre= er supplerte

med tekstar.

Tilskipinga laurdag var den tredje gongen vestlandsutstillinga starta i Kabuso. Etter 13. februar flytter utstillinga til Ålesund. Deretter går ferda til Førde, Haugesund og Stavanger. Den faglege leiaren meiner vestlandsutstillinga er ein viktig arena som syner fram den kunstnarlege spennvidda i landsdelen. Tormod Haugland si novelle *Rom for Stein og hjort* er skriven spesielt for *Vestlandsutstillingen 2011*.

Karolin Tampere og Johanne Nordby Wernø har vore kuratorar for utstillinga. Dei fortel at publikum på dei fem utstillingsstadene vil få sjå fem ulike utstillingar med dei same kunstverka. Dei har arbeidd med utstillinga sidan 2009. Dei fleste verka er produ-

serte nett for denne utstillinga, opplyser dei. Dei meiner årets utstilling er utradisjonell.

Det syntest òg ein del tilskodarar då det gjekk opp for dei at ingen hadde gløymt hatten sin på golvet. Hovudplagget var eit kunstverk.

Uttillarane er Andrea Spreafico, Aleksander Andreassen, Margit Selsjord Bratlie, Anne Marthe Dyvi, Jacqueline Forzelius, Ane Graff, Kari Adelaide, Marthe Ramm Fortun, Juliet Jacobson, Nina Bang Larsen, Bjørn Midtun, Tanya Busse, Joar Nango, Marius Notvik, Randi Nygård, Sandra Vaka Olsen, Erik Friis Reitan, Anngjerd Rustand, Sille Storihle, Chloe Lewis, Andrew Taggart, Gøril Wallin, Munan Øvreliid, tekstforfattar Tormod Haugland og Linn Eriksen og Ian Brown (designarar).

Frå venstre:

**Fyller dunken:** Tanya Bosse har alt fått bidrag til kunstvinen, men treng meir frukt og bær.

#### Kunstnarar og kunstverk:

Kunstverket *Inter-related components (black piece)* ligg på golvet til høgre. Aktørane, fremst, frå venstre: Munan Øvreliid og kurator Karolin Tampere. Bak, frå venstre: Joar Nango, Gøril Wallin, Erik Friis Reitan, Bjørn Midtun og kurator Johanne Nordby Wernø.

